



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato  
17.06.2016  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/4417 331.3  
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

### Skatt på formue og inntekt per 31.mai 2016

Vedlagt følgjer eit oversyn over skatt på formue og inntekt for kommunane i Hordaland per 31.mai d.å.

Skatteinngangen syner ein auke på 7,6 prosent dei første fem månadene i år samanlikna med same periode i fjor for kommunane samla i fylket utanom Bergen. For Bergen kommune var skatteauken i den same perioden 8,7 prosent.

Innbetalt skatt per 31.mai d.å. i prosent av budsjett 2016 var 50,0 prosent for kommunane samla utanom Bergen og 49,4 prosent for Bergen kommune.

Inntektsutjamninga blir rekna i høve til landsgjennomsnittet for ordinær skatt medrekna naturressursskatt. Skatteutviklinga samla for kommunane i landet har stor innverknad på kvar kommune si inntektsutjamning.

I denne perioden har det vore ein skatteauke på 9,0 prosent for kommunane samla i landet. I revidert nasjonalbudsjett er det lagt til grunn ein pårekna skatteauke for heile året for kommunane samla i landet på 6,4 prosent.

Det er spesielle årsaker til den høge skatteveksten i mai i år, blant anna knytt til større innbetaling av tilleggsforskot frå skattytarar. Vi kan difor ikkje rekna med at den prosentvise skatteveksten vil bli like høg framover i år.

Vi ber om tilbakemelding dersom det er feil i oversynet.

Med helsing

Anne Kjersti Sande  
seksjonsleiar

Håvard Rød  
seniorrådgivar

Vedlegg

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

